



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

postmottak@jd.dep.no

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		64590/2013/X31	Ingunn Bekken Sjåholm	29.10.2013

## Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune om politireforma

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal behandla på sitt møte den 28. oktober saka om NOU 2013:9 *Ett politi - rustet til å møte fremtidens utfordringer*. Vi er klar over at høyringsfristen er gått ut, men vonar at vår uttale vil kunne følgje med i den vidare behandlinga av saka.

Fylkesutvalet vedtok samråystes følgjande uttale:

«Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at Justis- og beredskapsdepartementet vurderer forslaget til omorganisering av politiet opp mot dei overordna måla i regional- og distriktpolitikken, slik dei m.a. kjem til uttrykk i NOU 2011:3 «Kompetansearbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet».

Møre og Romsdal fylkeskommune oppmodar departementet og regjeringa til å gjennomføre ei breiare analyse av korleis politiet skal samvirke med samfunnet rundt seg og kva konsekvensar ulike organisasjonsmodellar gir for dette samvirket. Det må bli teke ei tydelegare strategisk styring av korleis statsorgan kan organisere seg. Statlege etatar må ikkje få velje sin organisasjonsstruktur utan omsyn til korleis regional og lokal forvaltning elles er organisert.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ikkje forslaget om 6 politidistrikt. Dette vil gjere det regionale samarbeidet vanskelegare, og ei slik inndeling vil også gi store ulemper som tap av lokalkunnskap, koordineringsutfordringar over store avstandar og sentralisering av statlege arbeidsplassar.

Frå vår ståstad er fylkesmodellen den klart føretrekte inndelinga av politidistrikt. Det er denne som best kan kombinere omsynet til nærvær og effektivitet. Ei slik inndeling vil gi eit handterleg geografisk område som sikrar tilstrekkeleg kontakt og lokalkunnskap innad i distriktet. Politidistriket bør ikkje vere større enn Møre og Romsdal. Fylket er prega av fjordar, fjell og krevjande verforhald som gjer kommunikasjonane vanskelege og forlenger utrykkingstida. Dette gir store utfordringar for beredskapen som må takast på alvor. Øvrig beredskap er i dag organisert på fylkesnivå, og ei samordning med desse er svært viktig. Også 110- og 113-sentralane må ha same distriktsinndeling.

Ved ekstraordinære hendingar og kriser samarbeider politiet tett med lokale aktørar. Politiet er også ein sentral aktør i førebyggjande arbeid og regional planlegging og samarbeider nært med lokale og regionale aktørar i dette arbeidet.

Justis- og beredskapsdepartementet, som nasjonal samordningsstyremakt, har eit særskilt ansvar for å sjå til at ulike beredskapsetatar fastset regiongrenser som legg til rette for godt regionalt samvirke.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det er viktig å vektlegge topografi, kommunikasjonar og infrastruktur når det skal takast avgjerd om talet på tenestestader. Nærpolitirolla er avgjerande for å drive eit godt førebyggjande arbeid, få til samarbeid med lokale aktørar og for å bygge tillit hos befolkninga.

Intensjonane og forslaga i politianalysen går dessverre i stor grad bort frå desse grunnprinsippa om eit desentralisert nærpolitisk til fordel for eit aksjonsretta og meir sentralisert politi. Men for eit langstrakt og lite einsarta land som Norge, vil det vere avgjerande å ha eit politi med breiare oppgåver og fokus på nærheit, tilgjenge og rask responstid for alle uansett bustad. Møre og Romsdal fylkeskommune føreset derfor at omorganiseringa ikkje fører til eit dårlegare nærpolitisk/lokalpoliti i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal fylkeskommune er nøgd med at den nye regjeringa vidarefører målsettinga om 2 polititenestemenn pr tusen innbyggjarar innan 2020, og vil minne om at våre politidistrikt ligg eit godt stykke unna dette målet, dekningstalet på Sunnmøre er framleis berre 1,09 politiutdanna per 1000 innbyggjar.

Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at kvart politidistrikt blir gitt rammer som gjer dei i stand til å utvikle gode regionale og lokale løysingar tilpassa sine utfordringar knytt til geografi, befolkningsstruktur og verksemnd.

For innbyggjarane i Møre og Romsdal er det viktig at den framtidige organiseringa av politiet sikrar bistand når alvorlege situasjonar inntreff. Det må derfor i det vidare arbeidet leggjast stor vekt på kortast mulig responstid. Politiet må klare å respondere innan forsvarleg tid også i dei mindre sentrale områda. Her kan definerte krav til responstid vere eit godt verkemiddel.

Det går fram av analysen at kommunesektoren ikkje skal vere høyringsinstans m.o.t. framtidig struktur. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner dette er svært uheldig, ikkje minst ut frå den samfunnsmessige forankring politiet er kjend for. Slike omfattande endringar bør absolutt forankrast i gode lokale og regionale prosessar.»

Med helsing

Jon Aasen  
fylkesordførar